




# Forventningar til deltagarar på møte i folkevalde organ



# Forventningar til deltakarar på møte i folkevalde organ

---

## Forventningar til kommunedirektør

Side | 1

- Saksframlegg skal vere objektive og politisk nøytrale
- Saksframlegg skal vere basert på lov og forskrift, nasjonale føringar, fagleg anerkjent kunnskap og balanserte vurderingar
- Presentasjon av saksframlegg for kommunestyret skal vere så kortfatta og presist som mogleg, med vekt på dei mest vesentlege forholda i saka og framlegg til vedtak.
- Kommunedirektør/saksbehandlar skal ikkje delta i politisk ordskifte
- Kommunedirektør/saksbehandlar skal vere tilgjengeleg for oppklarande spørsmål knytt til saksframlegget.
- Kommunedirektør skal seie ifrå om alternative framlegg til vedtak ikkje er tråd med gjeldande lov.

Utdrag frå kommuneloven §13-1:

*Kommunedirektøren skal påse at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet. Utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak.*

*Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksam på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksam på dette på en egnert måte.*

*Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer, med unntak av kontrollutvalget. Kommunedirektøren kan la en av sine underordnede utøve denne retten på sine vegne.*

## Forventningar til ordførar

- Ordførar skal sjå til at representantane retter seg etter politisk reglement i møtet
- Ordførar skal sjå til at alle alternative framlegg til vedtak vert sendt skriftleg til politisk sekretariat
- Ordførar skal sjå til at alle tillegg og alternative framlegg til vedtak vert tatt opp til avrøysting.

- Ordførar skal sjå til at alle tillegg eller alternative framlegg til vedtak er tydelege og svarer på føremålet med saka, slik at kommunedirektøren kan følgje opp vedtaket.

---

## Side | 2 Forventningar til utvalsleiar

- Utvalsleiar skal peike ut saksordførar til kommunestyret i aktuelle saker

## Forventningar til gruppeleiarar

- Gruppeleiar skal gjennom gruppemøta sjå til at representantane kjem godt førebudd til kommunestyremøtet
- Gruppeleiar skal så langt som mogleg samkøyre partiets innlegg til dei ulike sakene, og om mogleg førebu kven som fremmer innleiande saksinnlegg på vegne av partiet. Det er sjølv sagt rom for ulike meiningar i partiet.

## Forventningar til kommunestyrrepresentantar

- Kommunestyrrepresentantar skal sette seg grundig inn i alle saker på sakslista. Kommunedirektøren/saksbehandlar kjem ikkje til bruke tid på grundig gjennomgang av sakene som tidlegare.
- Kommunestyrrepresentantar skal følgje politisk reglement
- Kommunestyrrepresentantar skal ikkje ta opp, debattere eller stille spørsmål til kommunedirektøren/saksbehandlar som ikkje angår den aktuelle saka.